



Roald Saltnes  
Dalane 15  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/2357 - 19/27300

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
11.09.2019

## Førebels svar med trong for tilleggskontroll - gbnr 108/174 Lindås

**Tiltak:** Fasadeendring og legalisering av etablerte tiltak  
**Byggjestad:** Gbnr: 108/174  
**Tiltakshavar:** Roald Saltnes

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 21.08.2019.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det må gå tydeleg fram av situasjonsplanen kva søknaden gjeld. Ytre hovudmål på bygget må førast på.
2. Søknaden må supplerast med storleik på bygd areal og samla bruksareal. Utnyttingsgrada må gjevast opp i % BYA.
3. Vi ser av innsende teikningar at det er eit avvik i oppgitt bygningslengde for underetasjen og hovudetasjen, og ber om at de stadfestar at dei oppgitte måla er riktige og eventuelt rettar teikningane dersom nødvendig.

Kommunen ber om at tilleggskontroll vert sendt inn samla innan **03.10.2019**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### Sakshandsamingsfrist



